

VELKOMMEN TIL VOSS CUP 2023



Denne informasjonsbrosjyra
finn du òg på vosscup.no



VOSS CUP



Lukke til
med kampane!

Voss Fiber - me set fart på bygda!


Voss Energi

Me skapar verdjar
som kjem bygda og
idretten til gode
vossenergi.no

PÅ VOSSCUP.NO FINN DU ALL INFO DU TRENG UNDER CUPEN.

**Kampoppsett
Konkurransen**



**Praktisk info
Nyheiter frå Voss Cup**

www.vosscup.no

15%
BONUS

Bli KIWI PLUSS-kunde og få 15% Trumf-bonus på all fersk frukt og grønt, på toppen av våre lave priser.

KIWI mini pris
Kjøp kjapt, trygt og billig

KIWI'S PRISLOFTE
"VI GIR OSS
ALDRI
PÅ PRIS!"



SAMAN FOR IDRETTE
**Me heier
på alle!**
Til lukke med Voss Cup

 SparebankenVest

Velkommen til Voss og Voss Cup!

Fotballklubben Voss ynskjer alle spelarar, trenarar, foreldre/føresette, besteforeldre, vener, supporterar og alle andre hjarteleg velkomen til Voss og Voss Cup!

Det er ny rekord med antal påmeldte lag i år, heile 730 lag er påmeldt. Me hadde satt eit tak på 675 med påmeldingsfrist 1. mai. Etter stor pågang, og mange hyggelege telefonar frå fortvila lagleiarar og foreldre til barn som ikkje ville fått sitt store ynskje oppfylt, opna me opp for at dei som stod på venteliste også skulle få oppleva sommarens vakreste eventyr: Voss Cup!



Me legg lista høgt i år for at du og alle dei som tek turen til Voss, skal sitja igjen med ei helg full av fotball, idretts glede, gode opplevingar og stolte augneblink!

Voss Cup blir brukt som ein rekrutteringsarena for barn og unge til fotballen. Mange fotballklubbar opplever fråfall i barne og ungdomsfotballen etter pandemien, dessverre. Då er det svært gledeleg at Voss Cup kan vera eit samlingspunkt for gode opplevingar, samhald og idretts glede som ein kan dela med mange små og store.

Voss Cup er Noregs største barneturnering med rundt 7000 deltakarar. I tillegg kjem det mange tilreisande foreldre/føresette, besteforeldre og venner, noko som gjer at folketalet på Voss vert dobla denne helga! Det vert spelt rundt 1480 kampar frå fredag ettermiddag til sundag ettermiddag, fordelt på 36 banar. Me er så ufatteleg stolte over og glade for at spelarar, trenarar og klubbar kjem tilbake år etter år til oss! Voss Cup skal vera årets høgdepunkt for alle deltakarar!

Denne cupen krev ein enorm dugnadsinnsats! Det vert lagt ned 7-8000 dugnadstimar, og rundt 1000 personar er i sving gjennom helga. Det betyr 4-5 årsverk på ei helg, berre i dugnad! Utan den fantastiske dugnadsinnsatsen, ingen Voss Cup. Tusen takk til alle frivillige, foreldre, besteforeldre og andre som stiller opp og gjer turneringa mogleg.

FBK Voss ynskjer denne helga å tilby eit solid og meningsfullt aktivitetstilbod til born og unge, gjennom tryggleik, trivsel og tilhørsle. Me er både audmjuke og stolte over at Voss Cup gjennom åra har vakse seg fram til den cupen som den er i dag. Det er svært mange å takke for at det er blitt slik, frå grunnleggarane i 1991 og alle som har bidrege med mange, mange dugnadstimar opp gjennom åra. FBK Voss og Vossabygda har grunn til å vere stolt av det!

Me fører vidare vårt fokus på Fair Play, i år i samarbeid med klubbane i vår sone. Me ynskjer godt humør og ei løysingsorientert innstilling hjå alle, noko som gjev ein triveleg cup. Dette er eit felles ansvar som me håpar me alle kan løyse i lag.

Me vil ha eit forsterka fokus på «Grøn cup» i samarbeid med Indre Hordaland Miljøverk. Her vil det vere fokus på kjeldesortering; og at me skal ha det reint og fint rundt oss gjennom helga. Me håpar alle kan hjelpe oss med dette!

På vegne av turneringsleiinga, funksjonærane og frivillige, vil me med dette ynskja dykk alle hjarteleg velkomne til Voss Cup 2023. Vi skal gjera vårt ytterste for at akkurat du skal trivast på Voss denne helga

Med beste helsing

Hallgeir Finbråten
-Turneringsleiar-

 **VOSS CUP**
16 - 18 Juni 2023 - Voss

Praktisk informasjon i forhold til innsjekk og resten av turneringa.

Sekretariatet held til i kjellaren i Idrettshallen.

Opningstidene er:

Fredag 12:00 - 21:30

Laurdag 07:30 - 21:00

Søndag 07:30 - 17:00

Til dykk som har ansvaret for å sjekke inn laga så er det fint om de veit kor mange A-, B-, og C-kort som er bestilt. Me har alt i våre system, men greit å ta ein dobbelsjekk. De vil få utlevert deltakarkort, aktivitetskort, premiar, Voss Cup-magasinet, fotoark og t-skjorte lapp nede. Fotoarka tek de vare på og nyttar når de skal fotografere og seinare når de skal hente diploma. T-skjorte lappen tek de med dykk opp i 2.etasje der de vil få utlevert T-skjortene.

Deltakarkort

Treng de fleire B- og C-kort så kan de kjøpe det når de sjekkar inn. Me tek både kort, vipps og kontantar.

Det er diverre ikkje mogleg å kjøpe fleire A-kort, då alle desse er utseld.

Høyr med jentene i sekretariatet dersom ein treng fleire kort.

De kan lesa meir om deltakarkort her: <https://vosscup.no/turnering/deltakarkort/>

Til dei laga som deltek utan å kjøpe deltakarkort: De skal sjekke inn i sekretariatet som alle andre og de vil få premiar.

Fotoark

På fotoarka som de får utlevert ved innsjekk står det lagsnummer og talet på deltakarkort. Om det vert kjøpt fleire deltakarkort, spesielt til spelarar, så er det viktig at antalet på fotoarket vert oppdatert før de tek bilete slik at de får utlevert nok diplomar.

T-skjorter

T-skjortene vert levert ut oppe i 2.etasje i Voss Idrettshall. Me har følgjande størrelsar: 128, 140, 152, 164, S, M, L, XL, XXL, XXXL.

Til spelarane anbefalar me størrelsar mellom 128 og 164. Jentene som leverer ut t-skjortene har lang erfaring så ikkje ver redd for å ta i mot tips frå dei.

Diplom

Tek de bilete på fredag så kan de hente ut diplom frå laurdag 15:00. Om de tek bilete på laurdag så kan de hente diplom på søndag frå 10:00. De kan ta turen innom tidlegare på søndagen, men då kan me ikkje garantere at dei vil vere klare. NB! Hugs å ha med fotlappen når de hentar

Hittegods

Alt av hittegods skal bli levert til sekretariatet i løpet av turneringa.

Det er veldig viktig at ein er innom jamleg og sjekkar om ein veit at ein har mista noko. Hittogods må hentas i sekretariatet, det er ikkje mogleg å få tilsendt.

Under cupen er telefonnummer til sekretariatet: 469 20 747

I forkant av turneringa ynskjer me at ein henvender seg på e-post: vosscup@fbkvoss.no

Trafikk, parkering og bussar

Shuttlebuss

Me vil ha shuttlebussar som går i området, rutetider og kvar dei går vil kome når det nærmar seg. Dette er eit tilbod til alle på Voss denne helga og ikkje kun deltakarar på cupen. Sjå vosscup.no for rute.



Det er mykje bilar i området denne helga. Me har fått egne parkeringsplassar som ein kan nytte under cupen. Men det vil ikkje bli plass til alle her.

Viktig at ein parkerer bilen på høveleg plass, og ikkje skapar trafikkfarlege situasjonar. På dei parkeringsplassane som Voss Cup ikkje administrerer er det betaling. Klarar ein seg utan bil så er det sjølv sagt det beste.

Bussbestilling

Me disponerer nokre minibussar med sjåførarar som køyrer lag som bur på skular lengre vekk.

For å bestille buss så tek de turen innom sekretariatet eller ringer på telefon: 469 20 747

Me har to minibussar og ein stor buss som er klare til å køyre lag. For å kunne planlegge transporten sett me pris på å at de bestiller i god tid. For å bestille buss så treng me følgjande informasjon: Tidspunkt, lagsnamn, namn og telefonnummer til ansvarleg, frå stad/til stad og kor mange som treng transport.

Matsalen

Dei som har kjøpt A- og B-kort har tilgang til matservering.

Ein må syne bandet (deltakarkortet) i døra før ein går inn og et.

Opningstidene i matsalen

- Kveldsmat fredag kl. 18.00 -21.30
- Frukost laurdag kl. 07.00 -11.00
- Middag laurdag kl. 13.00 -19.00
- Frukost søndag kl. 07.00 -11.00

Ein må rekne med noko kø når ein skal ete.

Det er ikkje tilgang til toalett eller å fylle på flasker i matsalen så gjer dette før ein går inn!

Viktig at alle ryddar etter seg

Me håpar de får ei flott fotballhelg på Voss!

Banar og gjennomføring av kampar

Kampane vil føregå på følgjande områder:

- Idrettsplassen (gras)
- Gras 2 (gras)
- Olabanen (kunstgras)
- KIWI-banen (kunstgras)
- Skogly (gras)
- Prestegardslandet (gras)
- Fleischer (gras)

Viktig at ein møter presis då kampprogrammet er tett. Det vert spela 2 x 10 minutt for 3ar og 2 x 13 minutt for resten, og pausane er kun for sidebyte. Hugs fair play helsing! Det vert satt opp lette gjerder rundt banane slik at publikum ikkje kjem inn på bana. Respekter desse!

Kiosk

Det er fleire kioskar på området som sel mat og drikkevarer. Me har og ein grill på parkeringsplassen ved Idrettshallen som sel grillmat. Me og sel Peppes Pizza i eit telt med Utebassenget. Det er mogleg å betale med kort, VIPPS og kontantar.

Disco

Det vert på laurdag 18:30 - 21:00 i teltet ved grillen.

Aktivitetsområdet

Me eit aktivitetsområde nede på Prestegardslandet. Her kan ein måla hasitheit på skota, det vert satt opp ballbinge og det vil vera trikseskule og trikseshow. Dette er gratis for alle!





UAS VOSS
www.uasvoss.no



Droneoperatør for alle typer droneoperasjoner
UAS VOSS AS - Magasinvegen 16, 5705 VOSS - Tlf 98886070



- Café med uteservering • Kurs og konferanse
- Restaurant Elysée med prisberømt vinkjeller

BESØK OSS I SALSTELTET UTANFOR IDRETTSHALLEN

**20-70% RABATT
PÅ MERKEVARER**

OPE FREDAG, LAURDAG OG SUNDAG

sport 1

Ekte sportsbutikk!



**Vangen
Elektriske**

vangen-elektriske.no

Brynaskogen 25 - 5705 Voss
Tlf. 56 52 36 66
firmapost@vangen-elektriske.no



**BLINK
HUS**

Voss Byggsenter

Me er og forhandler av Blinkhus og Saltdalshytta

Gjer draumen til verkelegheit med lokal kvalitet

Tlf: 56 51 15 55
Heimeside: Vossbyggsenter.no
Besøksadresse: Brynalii 101, 5705 Voss



Fotballkort

I år er det også mogleg å kjøpa seg dei populære fotballkorta! Ta med fotballvenene dine og ta eit kult fotballkortbilete, og etterpå kan de bytta fotballkort med kvarandre.

Bli med og skap minner for livet!
Du finn fotballkorta i 2.etg på idrettshallen.



Det handlar om
respekt, ikkje sant?



Fyrstehjelp

Under Voss Cup vil det alltid vere helsepersonell tilgjengeleg når det er kampar på banane. Me har plassert to sanitetstelt på området; det eine ligg på Prestegardslandet medan det andre er plassert på gras 2.

Ved behov for akuthjelp ring legevakt 116 117, ved nødsituasjon ring 113.



Årets Voss Cup genser!

Gensaren kan kjøpast i salsteltet ved Vossabade

300 kr.
Str. 128 til XXL

Voss cup – eit lagspel på og utanfor banen!

Det er ikkje berre på bana Voss Cup opplever stor interesse. Samarbeidspartnarar og sponsorar er ivrige etter å vera med å støtte opp under cupen.

- Det er fantastisk å reise rundt å snakka med næringslivet. Dei er veldig positivt innstilt til Voss Cup, og me møter blide og entusiastiske samarbeidspartnarar, når ein tek turen rundt for å lage gode avtaler for cupen. Det er heilt unikt at så mange frå næringslivet ynskjer å støtte opp under turneringa og klubben, seier Øystein Ygre Skorve i Voss Cup.

- I år er det fleire samarbeidspartnarar som har kjøpt banerett til Voss Cup, og vil då få sin eigen bane. Dette er sponsormidlar som kjem både cupen og lovande fotballspelarar til nytte. Me ynskjer å skape gode minner for alle, og med eit så positivt næringsliv rundt oss gjev det oss gode moglegheiter, seier Skorve.

Du vil i år kunne spela på desse banane:

Bane 1: Seimen-banen	Bane 23: Avisa-Hordaland-banen
Bane 2: Hirth-Himle-banen	Bane 24: Flage Maskin-banen
Bane 3: Amfi-banen	Bane 25: Vossafår-banen
Bane 4: Nyrefeltet-banen	Bane 26: Vangen Elektriske-banen
Bane 5: Idrett uten alkohol-banen	Bane 27: XI-Bygg-banen
Bane 6: Nobi-banen	Bane 28: Arnpro-banen
Bane 7: Voss Kommunikasjon-banen	Bane 29-34: Fleischer-banen
Bane 8: Norconsult-banen	Bane 35: Encon-banen
Bane 9-12: Olabanen	Bane 36: Voss Varme og bad-banen
Bane 13-22: Kiwi-banen	



I tillegg vil du også møte vår hovudsponsor Sparebanken vest i aktivitetsparken vår på Prestegardslandet. Voss Cup er heldige som har så mange gode samarbeidspartnarar, som stiller opp og støtter klubben og heile turneringa. Det gjer at me heile tida kan utvikle oss til det betre.

VossCup.no

- få med deg nyheitsoppdateringane under cupen! I år ynskjer me å få til ei enda betre nyheitsdekning av cupen. **Vosscup.no** vil vera plattformen ein nyttar for å få med seg nyheiter frå cupen. Nettsida vår vil forandre litt format under sjølve cupen, og det vil bli produsert fleire nyheitsartiklar i forkant, under og etter cupen. Me ynskjer ei meir levande nettside, og har gått litt vekk i frå den ferdigproduserte avisa som har vore tidlegare. Det vil i år bli eit opplag av informasjonsaviser til alle laga. Her vil ein finne enkel info.

Denne avisa vil ein også finne lett tilgjengeleg på vosscup.no, slik at ein alltid kan ha informasjon tilgjengeleg. Bruk nettsida vår aktivitet for å finna informasjonen du treng.

Me ynskjer svært gjerne tips til saker me bør få med oss frå cupen, og send oss gjerne dine blinkskot og tips. Desse kan sendast til oystein@fbkvoss.no Tipsar du kan du vera med i trekninga av ein flott premie frå Voss Cup.

Husk å fylg oss også på facebook og instagram – kom i cupstemning saman med oss!



MELD DEG PÅ VOSS CUP SITT NYHENDEBREV

- VER MED I TREKNING AV EI BRAGE KONTINENTAL SENG 150*200cm

Verdi: 12.999,-

SENGA VERT LEVERT AV MØBELRINGEN VOSS
- OG MÅ HENTAST DER.

trykk her

TREKNING
SØNDAG 18.06
KL. 12:00

MØBELRINGEN®
VOSS





-  = busstopp/shuttlebuss
 -  = fyrstehjelp
 -  = fyll på vatn
 -  = toalett
 -  = Kiwi Vangen
- Idrettshallen:**
 Sekretariat (i sokkelhogda)
 Matsal
 WC



Takk til alle annonsører som er med å støtter Voss cup

account⁺or



BILTUNET  VOSS




S. ENDEVE SPORT





FARGERIKE
Garantert bra sluttresultat

FLOR 

 Hageland
Voss
Ditt lokale hagesenter! Brynemoen 12 (v/biltema)
5705 Voss
Tlf. 91780418




G. Kløve 
KIOSK OG KLE
Vangsgata 44, 5700 Voss • Telefon 56 51 11 40

 kveik

 LINDSTAD BYGG


MEDIESMIO


MG
Restaurant - Pub


MØBELRINGEN
Møbelsenteret Voss AS
5700 Voss • Tlf. 56 51 09 00/501 79 713
post.voss@mobelringen.com / www.mobelringen.no



PROAKTIV
EIENDOMSMEGLING
PROAKTIV.NO

ADVOKATFIRMAET
RESPONSA


RINGHEIM KAFE
Tre Kokker Voss AS

JERNA  Rokne
Tlf.: 56 52 07 80, 5700 Voss, E-post: rokar@jerna.no


Skutle
Betong AS
GRUNN- OG BETONGARBEID
5705 VOSS Mob. 90 95 69 18



KARI TRAA®
Butikken
skandinavisk
HØYFJELLSUTSTYR 

SKY
FITNESS


STORE RINGHEIM
hotell & restaurant


TECNO
VVS


TRYGG TRAFIKK



UAS
VOSS

 Vekselbanken
- ein god medspelar -


VOSS ASFALT


VOSS BOWLING

VOSS
Diners

 VOSS
SPAREBANK

Voss
Taxi

VOSS*SENTRUM

VOSS*BADET

VOSSAPARK

Vossasylv
JAKOB RONGVE AS

 VOSS
HANDELSHUS

DIN TOTALENTREPRENØR
VOSS BYGG
ANLEGG AS

 VOSS Vandrarheim

 VTS

 VW


WE
NORWEGIANS

Etb. sylvsmidja 1940



START UTVAL OG
2 TIMAR GRATIS PARKERING

10-19 (18)

MENY 08-21 (20)

Velkommen inn!

AMFI
VOSS

AMFI.NO/AMFI-VOSS



Kvar dag gjer
me kvardagen betre

Voss sitt største fagmiljø innan:
Arkitektur | Bygg og eigedom | Digitalisering | Fornybar energi
Geo og miljø | Industri | Samferdsje | Samfunn og byutvikling | Vårn

Norconsult

ARNPRO



RINGNES

Part of the Carlsberg Group



Hordaland
er til stades på
Voss Cup
Me fylgjer
fotballfesten

Fylg med på www.avisa-hordaland.no



GRUNNARBEID
TRANSPORT TUNNEL
KRAFTUTBYGGING MOBILE KNUSEVERK

FLAGE MASKIN A.S
Bjørkemøen 15
5709 VOSS
TLF.56 53 02 00 – FAX.56 53 02 10
MOB.46 40 70 70 – www.flagemaskin.no



Scandic

Me leverer til fest
og kvardag!

ENCON
A S

ENGROS & KONSULENTTENESTE

encon.no




Noregs mest
etne færepylse

**Matkultur
frå Voss**



VOSS KOMMUNIKASJON

Ynskjer alle lukke til på Voss cup

post@vossk.no

vossk.no

tlf.56 52 30 00



arkoconsult

FLYTTA TIL VOSS?

25 NYE LEILIGHETER MED NYDELIG UTSIKT, SENTRALT PÅ VOSS

LES MER HER

TILVOSS.NO
flyttesthus.no

- Sentralt
- Balkong/terrasse
- Høg
- Lavenergi klasse 2

2,685.000 - 8.985.000

www.idrettutenalkohol.no

BESØK VÅR NYE NETTSIDE!

www.idrettutenalkohol.no

Idrett Uten Alkohol

Voss VVS

Telefon 56 51 02 07
www.vossvvs.no
firmapost@vossvvs.no

ASKØY | BERGEN | VOSS

NOBI

WWW.NOBI.NO

VANN OG AVLØP BYGG SAMFERDSEL FERDIGBEOG SANDTAK BYGGEVARER HAGE, PARK OG GATE

SEIMEN AS

Byggevarehuset på Vossestrand

Tlf. 56 52 04 20
www.seimen.no

- den beste medspelaren i små og store byggeprosjekt!

Montér Seimen VESTLANDS HUS Seimen

HIRTH HIMLE

ENTREPRENØR AS

Avd. Voss - Avd. Bergen

480 68 197

SPISSKOMPETANSE PÅ NATURSTEINSMURING OG ALT INNEN BETONG OG GRUNNARBEID

Print, Kontor, Xpartner, Touch, idrift, Nettverk, Microsoft, Xerox, SharePoint, OneDrive, Virus, Skann, Lisens, Backup, Møterom, skjerm, Support, Mail

XPARTNER.

Bergen, Norway

BIR Voss // Hardanger

IHM

SAMAN FOR EI GOD SAK

La det gå sport i kjeldesortering!

LogoLink

NORSK KUNDEBAROMETER BI 2023

Takk for tilliten!

XL-BYGG har Norges mest fornøyde byggevarekunder!

Bransjevinner av Norsk Kundebarometer 2023

XL TVERBERG & SØNNER

Opplev Voss med aktivitetskortet!

Voss Cup er ei stor oppleving for deg som deltakar og deg som er med rundt laget. Voss Cup er også veldig stort for heile den flotte bygda vår. Denne helga doblar me folketalet, og denne fotballfesten er eit høgdepunkt for små og store!

Men vene Voss er så mykje meir enn Voss Cup. Difor ynskjer me gjerne deg som besøkjande på Voss Cup; velkomen tilbake til oss på Voss! Voss Cup har mange gode samarbeidspartnarar som er med på laget vårt. Saman med dei har me glede av å tilby alle spelarar eit aktivt og unikt aktivitetskort, slik at du kan få kome tilbake igjen og oppleve litt av det Vossabygda har å by på! Sjå berre her kva alle deltakarar får:

Voss Resort

er eit av Vestlandets største skisenter. Her finn du heile 40 km med preparerte løyper for alle nivå i tillegg til fleire spennande off-piste område. Med Voss Gondol kjem du deg direkte frå togstasjonen og opp til skianlegget på under ni minutt!

Fleischer's Hotel

er et moderne hotell, som er rikt på tradisjonar. Hotellet stod ferdig i 1889, bygd i sveitsarstil. Det blei raskt ettertrakta blant turistar, mykje på grunn av byggestilen. Det er eit unikt hotell, kjent for sin ærverdige atmosfære, storslagne spisesal og imøtekomande vertskap. Hotellet har eit basseng, der deltakarar på Voss Cup kan få seg ein dukkert. Hugs å tinge time på førehand.

Myrkdalen Fjellandsby

Vinterstid er det skiglede som er i fokus hjå Myrkdalen Fjellandsby, med familievenlege og varierte bakkar, løyper og parkar. Sommarstid kan du ta Myrkdalsekspressen og bli frakta opp på fjellet. Herifrå kan du gå opp til Finnbunuten og nyta utsikten, eller ta turen ned til Fjellstova Vetlebotn for ein god lunsj. Velkomen, anten du kjem på dagstur eller vil overnatta på Myrkdalen Hotel.

Voss Active

tilbyr blant anna både familierafting og klatrepark. Familierafting er perfekt for familiar med born, skuleklassar og idrettslag der ein er under 15 år - og for dei som trur Strandaelva blir for tøff. Voss klatrepark ligg i naturskjønne omgjevnadar like ved Strandaelva i Åsbrekkegjelet.

Løypene er varierte, morsame og utfordrande for både born og vaksne. I parken er det to store løyper og ei ziplineløype for dei over 140 cm. Du finn også over 23 element, pluss fire ziplinar fordelt på fire små løyper for dei over 100 cm.

Vossabadet

Det største bassenget vårt er treningsbassenget, som er 25 meter langt og held internasjonal konkurransestandard. Med seks symjebaner er det god plass til både mosjonistar og aktive symjarar. Her legg me ut den kjekke hinderløypa vår i helger og feriar! Det karakteristiske stupetårnet i Vossabadet har eit eige stupebasseng knytt til seg. Her kan du hoppa frå ein, tre og fem meters høgde.

Voss Vind

er Noreges fyrste vertikale, resirkulerande vindtunnel. I ein vindtunnel kan ein oppleve å fly i trygge og kontrollerte omgjeingar. Mange tenker at å fly i vindtunnell må vera ekstrem sport, men det er det ikkje. Det er heilt trygt. Det er berre frykteleig spennande!

Med dette vil me takka dykk alle for at de kom til Voss Cup 2023! Me er veldig glade for at de kjem hit år etter år! Me startar snart med planlegginga av neste års cup, og håpar me ser deg der!


01.11.23 opnar me påmeldinga, og alle som melder seg på før 24.12.23 får nytte seg av vårt early bird-tilbod.

I år fekk alle som meldte seg på før 24.12 gratis dagskort i Voss Resort og Myrkdalen Fjellandsby.

Følg Voss Cup på Facebook og sjekk ut heimesida vår Vosscup.no, slik at du får med deg kva neste års early bird-tilbod vert!



Noregsferie med born?
Opplev Myrkdalen
Legg Noregsferien til Myrkdalen og la borna oppleve kremen av fjord og fjell i sommar!
Sjå www.myrkdalen.no for meir informasjon



Velkomen opp - heile året!
Aktivitetar, restaurant og mykje moro gjennom alle årstider.
Sjå meir på vossresort.no



Active adventures for everyone!
VOSSACTIVE
+47 56 51 05 25 | vossactive.no



MED TRADISJON FOR STORSLAGNE BEGIVENHETER SØRGER VI FOR AT DU SITTER IGJEN MED DE BESTE MINNENE



Du har ikke opplevd Voss uten et besøk hos oss!

FLEISCHER'S HOTEL
ANNO 1864



DE HISTORISKE Hotell & Restauranter

56 52 05 00 hotel@fleischers.no fleischers.no

Neste års cup blir
14. - 16. juni 2024



VOSS CUP

16 - 18 Juni 2023 - Voss

Voss Cup - Noregs største barnefotballturnering
**Besøk vår nettside vosscup.no
for informasjon om årets turnering.**

Sjå vosscup.no
får meir info



Og merk datoen: 14-16. juni 2024!

Ha ein strålende cup,
og velkomen tilbake til Voss og Voss Cup!

